

KOORDINERANDE EINING

KE ligg under Eining for tenestekoordinering og skal bidra til å sikre heilskapelege tilbod til pasientar med langvarige og koordinerte tenester. KE har overordna ansvar for arbeid med individuell plan, og oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinatorar. Søknad om individuell plan og koordinator skal sendast til Eining for tenestekoordinering.

BARNEVERNSTENESTA

Barnevernstenesta si fremste oppgåve er å sjå til at alle barn har ein tilfredsstillande omsorgssituasjon. Barnevernstenesta støttar vanskelegstilte familiar og sikrar at born og unge som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernstenesta kan gi råd og rettleiing til familiar i krise og deltek i kommunen sine tverrfaglege/tverretatlege samarbeidsfora.

PEDAGOGISK-PSYKOLOGISK TENESTE

PPT kan gi råd og rettleiing til barnehagar, skular, familiar og born. Det gjeld til den einskilde og til systemet for å førebyggje og legge til rette. PPT kan teste og kartlegge born og unge som viser teikn på vanskar med å lære med tanke på at barnet/eleven skal få eit tilfredsstillande læringsutbytte. Foreldre, barnehage/skule og ulike hjelpeinstansar kan tilvise til PPT.

BARNEHAGE/SKULE

Barnehage, skule og eining for kultur- og oppvekst har kvar sin representant i ressursgruppa. Barnehage og skule skal legge til rette for tilpassa opplæring. Tidleg innsats inneberer at barn som står i fare for å henge etter skal fangast opp og leggast til rette for.

Kultureininga skal arbeide for å fremje eit rikt kulturliv med hovudfokus på barn og unge, og er kontaktleddet inn mot ungdomsrådet.

ADRESSELISTE

Sande helsestasjon/skulehelsetenesta
Prestegardsvegen 5 - Tlf 70026760 / 70026762

Helsestasjonslegen i Sande kommune
Prestegardsvegen 5 - Tlf 70026750

Sande Fysioterapi
Prestegardsvegen 31 - Tlf 70026613 / 48892151

Bu- og habilitering
Prestegardsvegen 31 – Tlf 70026740 / 91638306

Koordinerande Eining/Tenestekoordinering
Prestegardsvegen 31 – Tlf 70026740 / 90522781

Barnevernstenesta
Rønnebergplassen 17 - Tlf 99579709

Pedagogisk-Psykologisk teneste (PPT)
Rønnebergplassen 17 - Tlf 48894850

Eining for oppvekst- og kultur
Rønnebergplassen 17 – Tlf 47377895



SANDE KOMMUNE
Utanfor allfarveg - heldigvis!

RESSURSGRUPPE FOR BARN OG UNGE

Mars 2019

MÅLSETJING

Alle born og unge i Sande kommune skal ha gode vilkår for vekst og utvikling i barnehage, skule, heim og fritid. Kommunen sine hjelpetenester skal sørge for at born, unge og familiar får hjelp til å meistre utfordringane sine. Sande kommune skal tilby heilskaplege og samordna tenester til born og unge med særskilte behov.

OPPGÅVER TIL GRUPPA

For å sikre eit heilskapleg tenestetilbod, har Sande kommune ei ressursgruppe for born og unge. Ressursgruppa skal bidra til utvikling og samordning av det tverrfaglege arbeidet rundt born og unge i kommunen.

Ressursgruppa skal støtte tenester og ansvarsgrupper i vurdering av samansette og kompliserte saker. Ressursgruppa er eit rådgjevande organ.

Det er utarbeidd eit eige samtykkeskjema som kan brukast når foreldra er einige i at ei sak kan takast opp i ressursgruppa. Ressursgruppa består av representantar som alle har eit ansvar for born og unge i kommunen:

- Helsestasjon/skulehelseteneste
- Helsestasjonslege
- Pedagogisk-psykologisk teneste
- Barnevernstenesta
- Representant frå barnehage
- Representant frå skule
- Oppvekst- og kultur
- Fysioterapeut
- Bu- og habilitering
- Koordinerande eining/Tenestekoordinering

KVEN KAN TA KONTAKT?

- Kommunale tenester
- Ansvarsgrupper
- Andre som arbeider med born og unge og som treng hjelp i vurderinga av utfordrande saker.
- Born, unge og deira foreldre som har behov for fleire tenester samtidig, kan be om at saka blir tatt opp i ressursgruppa.

KVA KAN DU FORVENTE?

- At den aktuelle saka vert tverrfagleg drøfta i møte.
- Saka vil bli drøfta dersom samtykke frå foreldre/føresette er gitt.
- Det skal i møtet lagast ein plan for vidare oppfølging og ansvarsfordeling.
- Etter møte skal alle ha ei klar forståing for kven som har ansvar for dei ulike delane i saka.
- Dei som tek saka til drøfting, tek ansvar for tilbakemelding til den/dei aktuelle.
- Teieplikta vert respektert.

KVA FORVENTAR VI?

- Tiltak skal vere prøvd løyst på lavast mogleg nivå.
- Saka skal vere best mogleg kartlagt på førehand.
- Alle involverte skal vere orientert om at saka blir tatt opp i ressursgruppa.

TENESTENE

HELSESTASJON/SKULEHELSETENESTE

Er eit helsefremmande og førebyggjande lavterskeltilbod til born, unge og foreldre. Vi kan tilby støtte og rettleiing ved fysiske, psykiske og sosiale utfordringar. Helsejukepleiar/helsesøster har fast trefftid ved ungdomsskulane i kommunen. For meir info. sjå <http://www.ssikt.no/helsestasjonsportal>

LEGE

Legen kan gi råd og ta stilling til om medisinsk utgreiing er nødvendig når barn og unge har det vanskeleg. Ved behov samarbeider legen med andre kommunale instansar. I ressursgruppa er legetenesta representert ved helsestasjonslegen.

FYSIOTERAPI

Fysioterapi har som mål å bevare eller betre born og unge si funksjonsevne, deltaking og aktivitet. Fysioterapi rettar seg mot heile mennesket. Tilrettelegging av omgjevnader for å fremje optimal bevegelsesutvikling, glede av rørsle og god helse. Fysioterapien medverkar til igangsetting av tiltak som fremjer eit godt fysisk og psykososialt miljø i barnehage, skule, SFO, fritid og heim.

BU- OG HABILITERING:

Bu- og habilitering yt tenester innanfor områda praktisk bistand og opplæring, personleg hjelp og målretta miljøarbeid i heimen. Døme på slike tenester er helsetenester i heimen, avlastning, rus/psykiatriteneste, støttekontakt, omsorgsstønad, dagsenter og aktivitetstilbod. Søknad om disse tenestene skal sendast til Eining for tenestekoordinering.